

SULDAL KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG		
Saksnummer	Utval	Møtedato
014/12	Levekårsutvalet	17.04.2012
031/12	Formannskapet	26.04.2012
025/12	Kommunestyret	08.05.2012

Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak/j.post
N11	Sigrund Kleppa	12/494 12/4410

UTGREIING AV REISETIDA FRÅ VETRUS/BRÅTVEIT - SAND

Forslag til vedtak:

Nesflaten skule skal framleis vera ein kombinert barne- og ungdomsskule.

Sand, 27.04.2012

Torkel Myklebust
ordførar

Forslag til vedtak:

1. Rådmannen tilrår ikkje at elevane frå Nesflaten ungdomsskule vert flytta til Sand ungdomsskule
2. Rådmannen får i oppdrag å gjennomføra ei kartlegging og vurdering i samarbeid med FAU, samarbeidsutvalet, elevrådet og barnehagen på Nesflaten om framtida for Nes ungdomsskule. Resultat av dette arbeidet vert lagt fram i samband med rullering av neste års økonomi og handlingsplanperiode.

17.04.2012 LEVEKÅRSUTVALET

Rådmannen opplyste at det var feil i utsendt sakspapir i saksutgreiinga.

Det vart etter utsending sendt notat frå rådmannen til saksutgreiinga.

Rådmannen endrar innstillinga til:

Forslag til vedtak:

3. Rådmannen tilrår ikkje at elevane frå Nesflaten ungdomsskule vert flytta til Sand ungdomsskule
4. Rådmannen får i oppdrag å gjennomføra ei kartlegging og vurdering i samarbeid med FAU, samarbeidsutvalet, elevrådet og barnehagen på Nesflaten om framtida for Nes ungdomsskule. Resultat av dette arbeidet vert lagt fram i samband med rullering av neste års økonomi og handlingsplanperiode.

Forslag frå Endre Kvæstad, SP:

Nesflaten skule skal framleis vera ein kombinert barne- og ungdomsskule.

Avrøysting:

Forslag frå Endre Kvæstad: Samrøystes

LEV-014/12 VEDTAK:

Nesflaten skule skal framleis vera ein kombinert barne- og ungdomsskule.

26.04.2012 FORMANNSKAPET

Forslag frå Gerd Helen Bø, SP:

Nesflaten skule skal framleis vera ein kombinert barne- og ungdomsskule.

Forslag frå Svanhild Løge Skålheim, Krf:

Dersom Nesflaten forblir ein kombinert barne- og ungdomsskule må det vektleggjast eit tydelegare samarbeid mellom ungdomsskulen på Sand og Nes, der ein kan styrke fellesopplevingar og læringsutbytte.

Avrøysting:

Forslag frå Gerd Helen Bø:

6 røysta for

1 røysta imot

Forslag frå Svanhild Løge Skålheim:

1 røysta for framlegget

6 røysta imot

F-031/12 VEDTAK:

Nesflaten skule skal framleis vera ein kombinert barne- og ungdomsskule.

08.05.2012 KOMMUNESTYRET

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga

K-025/12 VEDTAK:

Nesflaten skule skal framleis vera ein kombinert barne- og ungdomsskule.

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	I	16.04.2012	FAU v/ Nesflaten skule	OPE BREV OM NEDLEGGING AV NESFLATEN UNGDOMSSKULE, APRIL 2012
2	I	16.04.2012	Øvre Suldal grendeutval	VEDK FLYTTING AV UNGDOMSSKULEN FRÅ NESFLATEN TIL SAND

Fakta :

I kommunestyret den 16. desember 2011 vart det i sak 094/11 Budsjett 2012 – økonomi og handlingsprogram 2012 – 2015 gjort vedtak om å utgreia reisetida mellom Vettrhus/ Bråtveit og Sand. Bakgrunnen for vedtaket er at det har vore reist spørsmål om ikkje det er lik avstand å reisa for ungdommane i Øvre Suldal som frå andre plassar i kommunen.

Frå Suldal Billag har vi fått opplyst at reisetida vert slik:

Vettrhus – Nesflaten skule	18 min
Nesflaten skule – Vinjar skule	28 min
Vinjar skule – Sand	30 min
SUM	76 min

Dette er under føresetnad av at ein har tilslutningsbuss/bil frå Bleskestad eller Vettrhus til Roalkvam.

Elevane frå Foreneset, Natland i Erfjord og Marvik har 75 min. reisetid.

Elevtal

Under finn ein oversyn over elevtalet pr. i dag og prognose framover, basert på barnetal pr. 01.01.2010 frå SSB, og elevtalet i august 2011. Det er ikkje tatt omsyn til innflytting og utflytting, og ein må vere klar over at talet på elevar endrar seg heile tida, slik at desse tala er usikre. Det er meir usikkert desto lengre fram ein ser. Det er særleg viktig å vere klar over at tala er usikre når elevtalet ligg på grensa t.d. når det gjeld deling av klassar.

Det er ikkje lenger angitt i lova kva elevtal som utløyser deling av klassar, men i følgje Opplæringslova § 8-2 må klassane, basisgruppene og gruppene ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Ein har i Suldal lagt seg på ei ordning der ein brukar det gamle klassesdelingstalet som sette ei grense på 28 elevar i barnetrinnet og 30 elevar på ungdomstrinnet for fulldelte klassar (der ein ikkje har fleire årstrinn som går i same klasse).

Elevtal og prognose for Nesflaten skule utan ungdomstrinn:

Klasse	2011	2012	2013	2014	2015	2016
1.	5	5	1	1	0	1
2.	3	5	5	1	1	0
3.	5	3	5	5	1	1
4.	3	5	3	5	5	1
5.	6	3	5	3	5	5
6.	3	6	3	5	3	5
7.	3	3	6	3	5	3
	28	30	28	23	20	16

Elevtal og prognose for Sand skule med ungdomsskuleelevane frå Nesflaten:

Klasse	2011	2012	2013	2014	2015	2016
1.	20	22	17	15	13	19
2.	15	20	22	17	15	13
3.	20	15	20	22	17	15
4.	18	20	15	20	22	17
5.	18	18	20	15	20	22
6.	25	18	18	20	15	20
7.	17	25	18	18	20	15
8.	61	43	55	50	39	50
9.	49	61	43	55	50	39
10.	51	49	61	43	55	50
SUM	294	291	289	275	266	260

Elevtal og prognose for elevar i ungdomstrinnet på Nesflaten:

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
8.	5	3	5	5	1	1
9.	3	5	3	5	5	1
10.	6	3	5	3	5	5
SUM	14	11	13	13	11	7

Lover, føresegner, rundskriv:

Opplæringslova

Økonomiske konsekvensarEkstrakostnader skyss:

Kommunen betaler billettprisen, mens fylkeskommunen betaler for skyssen (bil og sjåfør).

Reise frå Bråtveit/Vettrhus/Nes til Sand kostar 31,- pr tur pr elev. Med 190 elev dagar i året blir kostnaden $33 * 2 * 190 = 11\,780$ pr elev pr år.

Med den elevtalsprognosen som ligg føre, blir kostnadene i:

2012: kr 137 940

2013: kr 163 020

2014: kr 163 020

2015: kr 137 940

2016: kr 87 780

Ekstrakostnader ved eventuell klassesdeling:

Ein ser at prognosen for 9. klasse i 2012 og 10. klasse i 2013 ligg på 61 elevar. Dette ligg heilt på maksimum i elevtal om ein har to fulle klassar. Ein må då ta høgde for at ein auke i elevtalet kan medføre behov for deling i tre parallellar.

Om ein må inn med ein ekstra klasse på eitt av trinna i ungdomsskulen på Sand, vil det utløyse behov for ressursar slik:

Ein lærar pr. time = 855 årstimar 130%

Kontaktlærar: 2 t pr veke, 76 årstimar 12%

Byrdefull undervisning 13 elevar ekstra, 2 årstimar pr elev 4%

4 skuletimar deling pr veke (naturfag, kunst- og handverk, språkfag) ekstra gir 17%

Sum behov ved oppretting av ein ekstra klasse: ca 163%

163% stilling utgjør i kroner (adjunkt med opprykk og full ansiennitet) ca 960 000 kr.

Delingstimar: Her har ein rekna eit anslag, der ein ikkje reknar fullt opp deling pga at nokre av elevane kan gå inn i dei gruppene ein allereie har t.d. i tysk, engelsk fordjuping osv.

Innsparing:

Tek ein utgangspunkt i at elevane frå Nesflaten går inn i eksisterande klassar på Sand, og at ein kan ha to parallelle klassar, så vil ein spare lærarressursen som blir brukt til ungdomsskulen på Nesflaten.

Ei ungdomsskulegruppe	130 % stilling
-----------------------	----------------

Kontaktlærer	6 %
--------------	-----

Delingstimar	25 %
--------------	------

Avtalefesta ressurs	15 %
---------------------	------

Tillegg til utvikling	4 %
-----------------------	-----

Sum innsparing:	ca 180%
-----------------	---------

180% stilling utgjer i kroner (adjunkt med opprykk og full ansiennitet) ca 1 100 000

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for rekruttering:

Det arbeider i dag fleire lærarar på Nesflaten som pendlar frå Røldal. Desse har gitt uttrykk for at dei ikkje ønskjer å pendle frå Røldal til Sand dersom ungdomsskulen på Nesflaten blir lagt ned. Nokre av dei arbeider i ungdomsskulen, og er ikkje så interessert i å gå over til barnetrinnet. Det er også lærarar kommunen har brukt mykje midlar til etter- og vidareutdanning på.

Om ungdomstrinnet på Nesflaten blir lagt til Sand, så vil Nesflaten skule bli ein liten skule som etter kvart nærmar seg Vanvik og Jelsa i elevtal. Ein ser at det på så små skular, og på skular som ligg langt frå kommunesenteret og andre grender, ofte får utfordringar med rekruttering, både av lærarar og leiarar. Dette vil også kunne gjelde Nesflaten skule.

Det er lagt inn som føresetnad at morgonskyssen på Nesflaten er slik som i dei andre bygdene, at det ikkje er to parallelle skyssar, men ein, då fylkeskommunen (Kolumbus) neppe vil gå med på å dekkje kostnader til to parallelle skyssar om morgonen i tillegg til om ettermiddagen. Som ein konsekvens av dette, må barnetrinnet på Nesflaten skule begynne skuledagen 08.00 (evnt. 08.05). Elevane frå Vetthus/Bråtveit må då starte heimefrå ca kl. 07.40 for å komme seg til skulen.

Elevane frå Nesflaten ungdomsskule vil ikkje utløysa ny klasse på Sand frå hausten 2014.

Då samanslåing av ungdomsskulane i kommunen vart vedteke, var det usikkerheit på fleire punkt. Reisetida mellom Vetthus og Sand var eit av punkta.

Nye opplysningar syner at reisetida for Nesflaten elevane ikkje vert lengre enn elevar frå dei andre grendene. For elevane frå Marvik er reisetida 75 min. medan elevane frå Nesflaten får 76. min reisetid.

Konklusjon:

Reisetida kan altså ikkje lenger leggjast til grunn for at elevane på Nesflaten ungdomsskule ikkje vert overflytta til Sand skule. Dei økonomiske konsekvensane av forslaget om det vert vedtatt er at grunnskulen i Suldal får ein kostnadsreduksjon i underkant av 1 million kroner (Lærarressurs minus skyssutgifter).

Rådmannen tilrår at elevane i ungdomsskulen på Nesflaten vert overflytta til Sand ungdomsskule frå skuleåret 2014.

NOTAT: NYE OPPLYSNINGAR OM REISETIDA FRÅ VETRUS TIL SAND

Vedlegg til sak 014/12 – Levekårsutvalet – den 17.april 2012
Utgreiing av reisetida frå Vetrhus/Bråtveit-Sand

I saksutgreiinga om kor lang reisetida er frå Vetrhus/Bråtveit til Sand kjem det fram at den er på 76 minutt. Det vert vidare opplyst om reisetida frå: Foreneset, Natland i Erfjord (Rørtveit) og frå Marvik (Ropeidhalvøya). For elevane som har lengst reiseveg er det i utgreiinga sagt at den er 75 minutt for dei som har lengst reiseveg.

Frå Suldal billag v/Per Arne Fisketjøn får kommunen nå opplyst at den reelle reisetida frå Rørtveit er på 65 minutt. Frå Foreneset er den 70 minutt, og frå Østebø 65 minutt. Dette kjem fram i rutetabellen frå Suldal Billag som gjeld skuleskyss 2011/2012. Det vert også opplyst at etter kvart som ein får erfaring og rutene vert "innkjørt" kan hentetidene endå justerast noko ved at elevane kan verta henta inntil 5 min seinare enn i dag fleire plassar. På Ropeidhalvøya kan reisetida kortast ned med 10 minutter. Den reelle reisetida frå dei andre grendene er altså kortare enn det som vert oppgitt i saka og i rutetabellane for skuleskyss 2011/2012. Dette betyr at skuleskyssrutane kan justerast for skuleåret 2012/2013.

Reisetida frå Vetrhus til Sand er berekna til 76 minutt. Det er 6 minutt lengre enn frå grendene elles. Grunnlaget for rådmannen sin innstilling i saka om flytting av ungdomsskulen på Nes var likebehandling. Vi har erfaring når det gjeld skyss frå Vetrhus til Nesflaten (18 min), men ikkje heile strekninga ned til Sand. Om ruta vert nokre minutt kortare etter at ruta har køyrd seg inn er usikkert. Bussen må stansa på for påstiging undervegs, i tillegg til at alle ungdomsskuleelevane frå Vinjar skule skal med bussen.

Pr. i dag er det 11 elever på Nesflaten ungdomsskule. Vi har for tida stabile, gode og kompetente lærarar på Nesflaten skule, men det sosiale miljøet for ungdomskuletrinnet er lite. Ein må våga å stille spørsmålet om kor lite eit ungdomsskulemiljø kan vera.

Det har ikkje vore gjennomført ein prosess om kva foreldre og elever på Nesflaten ønskje for framtida. I media kjem det mest fram synspunkt på å halda fram med ungdomsskuletrinnet. Rådmannen føreslår at det i samband med rullering av neste økonomiplanperiode 2013-2016 vert kartlagt og utgreidd gjennom FAU, samarbeidsråd og elevråd kva elevar og foreldre ønskje for framtida.

På bakgrunn av dette vil rådmannen endre si innstilling med nytt forslag til vedtak i sak 014/12. :

Forslag til vedtak:

1. Rådmannen tilrår ikkje at elevane frå Nesflaten ungdomsskule vert flytta til Sand ungdomsskule.
2. Rådmannen får i oppdrag gjennomføra ein kartlegging og vurdering i samarbeid med FAU, samarbeidsutvalet, elevrådet og barnehagen på Nesflaten om framtida for Nes ungdomsskule. Resultatet av dette arbeidet vert lagt fram i samband med rullering av neste års økonomi og handlingsplanperiode.

Siri Fahlvik Pettersen
rådmann

OPPDATERTE OPPLYSNINGAR I SAKA PR. 19.04.2012:Elevtal og prognose for Sand skule med ungdomsskuleelevane frå Nesflaten:

Klasse	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2015/16	2016/17
1.	20	22	17	15	13	19
2.	15	20	22	17	15	13
3.	20	15	20	22	17	15
4.	18	20	15	20	22	17
5.	18	18	20	15	20	22
6.	25	18	18	20	15	20
7.	17	25	18	18	20	15
8.	61	43	56	50	41	50
9.	51	61	43	56	50	41
10.	46	51	61	43	56	50
SUM	291	293	290	276	269	262

Elevtal og prognose for elevar i ungdomstrinnet på Nesflaten:

	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2015/16	2016/17
8.	5	3	3	6	3	5
9.	5	5	3	3	6	3
10.	1	5	5	3	3	6
SUM	11	13	11	12	12	14

Elevtal og prognose for Nesflaten skule utan ungdomstrinn:

Klasse	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2015/16	2016/17
1.	6	1	1	1	1	3
2.	3	6	1	1	1	1
3.	5	3	6	1	1	1
4.	3	5	3	6	1	1
5.	6	3	5	3	6	1
6.	3	6	3	5	3	6
7.	3	3	6	3	5	3
	29	27	25	20	18	16